



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eli Merete Velle, 5557 2121

Oversending til Lindås kommune som rett instans - klagesak - gnr. 188 bnr. 757 - parkeringsvilkår

Fylkesmannen viser til vedlagde klage og saksdokument som vi fekk frå Nils Kvalvågnes 28.03.2019.

Vi forstår det slik at saka gjeld klage på kommunen si avgjerd datert 14.02.2019, om ikkje å realitetshandsama hans meldingar om brot på parkeringsvilkåra i rammeløyvet til bustadblokka Knarvikparken- Kvassnesvegen 57.

Fylkesmannen er klageinstans for kommunen sine enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd. Erklæring om klage skal likevel sendast til kommunen, jf. forvaltningslova § 32 første ledd a) og handsamast av kommunen først.

Det følgjer av forvaltningslova § 33 andre ledd at «*Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken.*». Eit slikt avvisingsvedtak kan søkjar eventuelt klaga på. Dersom kommunen står fast på at vilkåra for å handsama klagen ikkje er oppfylt, skal kommunen deretter senda saka til Fylkesmannen.

Fylkesmannen må difor venta til kommunen har handsama saka ferdig og eventuelt sendt den til oss. Vi ber om at kommunen rettleiar Kvalvågnes om kva høve han har til å klaga.

Med helsing

Eli Merete Velle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Nils Gullak Kvalvågnes Kvalvågnesvegen 681 5956

